



Vegard som solist med HUBB ved eit tidlegare høve. I dag deltok han i NM.

Trompetaren Vegard Døsland har i dag deltatt i finalen i NM for solistar i Oslo. Det var 16 deltakarar som var kvalifisert i klasse 2 som er aldersgruppa Vegard høyrer til. Det var særdeles høgt nivå, og han gjorde ein strålende innsats og kom på delt 6.plass berre eitt poeng bak 3.plassen. Han fekk 92 poeng.

- Eg er strålande fornøgd både med plassering og poengsum, fortel Vegard på telefon frå Oslo. - Eg er og letta, for eg har hatt det litt travelt med andre oppgåver i oppkjøringsperioden. Dermed har eg m.a. fått minimalt med tid til samspel med pianist i oppkjøringa, seier han.

I år som i fjor vart Vegard beste trompetar i sin klasse, men i år delte han plassen med Malene Fosli Flataker. - Det er eg kjempefornøgd med. Trudde ikkje det var mulig, for ho er svært dyktig, beskriv Vegard konkurrenten. Begge spela same stykket, Morceau de Concert av Jean Pennequin. Mathias Matland på slagverk(marimba) vann klassen.

- Når får vi høyre deg på heimlege trakter då, Vegard?

- Eg skal vera med på Jazzverket sin konsert i Kvinnherad kyrkje under JUI i Rosendal i slutten av månaden. Det gleder eg meg veldig til! Eg er sikker på at Jazzverkskjernen syr saman eit flott program, og trur det blir ein kjempeopplevelse både for publikum og oss som spelar. Og så er det alltid ekstra kjekt å spela på heimebane, avsluttar den fornøgde NM-deltakaren.

Det høyrer med til NM-historien at Vegard også spela under festkonserten. Då spela han saman med Jaren Hornmusikkforrening.

Av: Ola Matti Mathisen.